

PROTOKOLL STYREMØTE SFT

Dato: onsdag 28. oktober 2020. **Digitalt. Tid:** kl. 18.00-21.00

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Irene Lunde, Karen Weichert, Odd Henrik Berge, Vigdis Flaten Kvamme og Ron Overdevest

Tilsette: Astrid Kalstveit og Marie Sørum

Sak 46 Innkallinga blei godkjent

Sak 47 Protokoll styremøtet 30. september blei godkjent

Sak 48 Orienteringssaker

- * 2. oktober: 30 års jubileum Keipen Turlag. Styreleiar SFT tok del på markeringa og hadde helsing og gåveoverrekking.
- * 24. oktober. Avduking minnebenk Anders J. Bøyum på Kvannegrøflatane i Fjærland. Dagleg leiar tok del og hadde innlegg og takkehelsing, for Ander si lange og trugne turleiing på m.a. tradisjonsturen Lunde- Fjærland.
- * 28. oktober. Dagleg leiar og prosjektleiar tok del på webinar om smittesituasjonen i dag og kva konsekvens den har for DNT og vår aktivitet. Heile webinarret blei teke opp og skal vere tilgjengeleg på foreiningsnett.

Ung

Fri Flyt hadde arrangement i Førde 1. oktober og DNT Ung hadde samarbeid Grill `n Chill ute-arrangement på Gyttå 8. oktober i samarbeid med utekontakt Sunnfjord kommune. Mini -camp på Kinn 9.-11. oktober med 3 deltakarar og 2 leirleiarar. Fridykking, fiske frå båt, fjelltur og strandrydding.

Naturvernuttal:

Høyring stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på land og endringar i konsesjonsbehandlinga. DNT Vest har levert høyringsfråsegn til DNT sentralt og dei handsamar saka vidare. Ron var med i prosessen og DNT Vest hadde møte 29. september.



Kurs- og Fjellsport

Jannicke Brenden Frøyen i Keipen Turlag ynskjer at 5 turleiarar skal få grunnleggjande turleiar kurs i mars 2021. Knekkevasshytta er aktuell stad å ha kurset og i turterrenget rundt turlagshytta. Også personar frå YNT og andre lokallag kan ta del.

16.-18. oktober. 6 deltakarar gjennomførte ambassadør- og grunnleggjandeturleiar kurs på Hardbakke i Solund. Kursleiarar var Roy Raasholm Fauske og Rune Valsvik.

* Landsmøte 24. oktober digitalt

Karen Weichert og styreleiar tok del på møtet.

Styreleiar tok del på 3. webinar i førekant av landsmøtet: Handlingsplan for Natur, kulturarv og miljø 2021-2024, Felles kontingentsatsar og DNTs Bærekraftstrategi 2020-2030. Alle desse saksfelte ble handsama på landsmøtet.

Handlingsplan for Natur, kulturarv og miljø 2021-2024

BHT sitt forslag som SFT støtta i høve Plan- og bygningslova blei trekt og blei ikkje handsama i møtet. Plan skal ikkje berre omhandla villrein, men også tamrein. Planen er veldig grundig og god, men akademisk utforma. Krevjande og kompliserte saksfelt og krev gode kunnskapar, som gi råd til t.d. kommunane. God plan for DNT sentralt og følgje opp nasjonale styresmakter.

Handlingsplan Kyst

Plan vedteken og alle innspel SFT hadde sendt inn blei tatt med og positivt for vår foreining

Felles kontingentsatsar

Medlemskategoriar. Landsmøtet vedtok å slå saman skuleungdom med student til ny ungdomskategori.

Målsetjing om felles kontingentsatsar blei vedteken.

Sak om DNT som kredittaktør, skal drøftast vidare på neste landsmøte 2021.

Sak 49 Dagleg leiar gjekk gjennom rapport økonomi SFT for 3. kvartal 2020.

Det er eit overskot mellom anna på grunn av permittering ved adm i vår, mindre reise- og møteverksemd. Styre ynskjer nøktern drift i siste kvartal, sidan likviditeten alltid blir dårlegare mot slutten av året, før vi får nye inntekter i 2021. Varelageret har ikkje minka så mykje ennå.

Vedtak: Styret tok økonomirapport til vitande.

Dagleg leiar gir lokallaga tilbod om 50% på alle varer ved kontoret, for å få selt unna mest mogleg innan 31. desember.



Sak 50 Utlysing organisasjonssekretær

Stillinga bør lysast ut snart.

Vedtak: Irene, Silje og styreleiar lagar utkast stillingsannonse og stillingsinstruks. Stillingsannonse og instruks vert handsama i neste styremøte for godkjenning.

Sak 51 Vedtektsendringar

§ 1 Ansynes bytast ut med ovanfor, og fylket blir byta ut med Sogn og Fjordane

§ 2 Karen skriv eit tekstforslag og sender til resten av styret. Blir drøfta på neste styremøtet.

§ 5 Organisasjonssekretær i staden for dagleg leiar

§ 7 Styret blei einige om å føreslå å stryke stemmeretten til styremedlemene i SFT. Desse har allereie stemmerett via sine egne lokallag. Det blir også ikkje sett på som rett at styret stemmer over saker som styret sjølv har førebudd til møtet. Styret diskuterte tal representantar og fullmakt, og om det skal vere lov. Odd Henrik lagar eit tekstforslag.

§ 8 må vurderast i lag med § 7.

Vedteker SFT blir ei sak på årsmøtet 30. januar 2021. Styret legg fram forslag til endringar.

Sak 52 Kontingentutrekningsmodell SFT for 2021

Dagleg leiar føreslår å auke sats kr. 30 til 35 i høve tilskot felles turprogram 2021. Vidare redusere driftstilskot frå lokallag til 2019 nivå, då løn prosjektstilling fell bort i 2021.

Vedtak: Kontingentutrekninga vert handsama på neste styremøte, då tal frå DNT i høve tillegg hytte/adm. kvart lokallag er klarte.

Sak 53 Ung- tankar om BaseCamp

Prosjektleiar ung spurte styret om SFT skal satse på dei 3 store BaseCampar (Vinter, Sommar og Kyst) eller heller ha fleire mindre arrangement. Det kan vere aktuelt å leige inn ekstra arbeidskraft å arrangere BaseCamp neste år.

Det kom eit forslag, om å leggje BaseCamp Kyst til Askvoll med dagstur til Atløy. Aktuell stad å ha campen er på Øyra. BaseCamp Sommar vert lagt til Tungestølen 21.-25. juni neste år. Vurdere å kutte BaseCamp vinter og heller satse på dagsarrangement ute i lokallaga slik som i sommar. Dette gav god deltaking.

Prosjektleiar diskuterer vidare med ungutval og forhøyre seg om aktuelle aktivitetar og stad.

Sak 54 Kontingentutrekning

Landstyret vedtok i april i år 2021 at kontingenten i 2021 skulle vere uendra. Framlegg kom inn 5. oktober frå DNT Oslo og Omegn om likevel å auke satsane Landstyret (LS) vedtok å handsame saka



på nytt. 7 stemte for og 6 stemte mot i LS-møtet 23. oktober om å auke kontingenten i 2021.

Styret i SFT drøfta i e-post, om SFT skal fylgje dei vegleiande satsane til DNT i 2021 eller ikkje auke.

Det blei einstemmig i SFTstyret for å ikkje auke satsane.

Vedtak: Styret i SFT har hastehandsama saka og vedteke at **vi ikkje vil endre satsane for 2021**. SFT vil følgje det vedtaket som er fatta i landstyret i april 2020 med uendra satsar for 2021.

Styret fekk berre 3 dagar til å uttale oss om saka til DNT sentralt og det er for knapp tid. Styreleiar har spelt dette inn til DNT.

Sak 5 Ymse

Neste styremøte er planlagt onsdag 9. desember på Skei hotell

Referent: Astrid Kalstveit og Karen Weichert